

Referat frå Årsmøtet 2024

Det vart halde årsmøte i Sogndal Båtlag i klubbhuset Skrivarholmen, torsdag 25. april 2024, klokka 19.00.

Det var godt frammøte, til saman 31 medlemmer (mot 45 i fjor).

Årsmøtet handsama desse sakene og alle vedtak var samrøystes:

1. Opning og godkjenning av innbyding og sakliste

- Leiar Osvald Lykkebø ynskte velkomen og takka for frammøtet.
- Det var ingen merknader til innbyding eller sakliste. Godkjent.

2. Val av ordstyrar og referent

- Val av ordstyrar: Osvald Lykkebø
- Val av referent: Kåre Asbjørn Byrknes

3. Val av to medlemmar til å skrive under årsmøteprotokoll

- Aslak Randmo og Peter Sundberg

4. Årsmelding 2023

- Årsmeldinga vart godkjend.

5. Rekneskap 2023

- Rekneskapen for 2023 vart lagt fram, saman med revisjonsmelding. Kasserar orienterte om innhald og endringar. Det har vore jobba ein god del med kontoplan, balanse og avskrivningar.
- Det vart stilt spørsmål ved prioritering av arbeid med kostnadskrevjande tiltak som utviding av molo, i høve til kva budsjettet for 2023 la opp til.
- Det kom fleire gode innspel på dette med prioritering av tiltak. Samstundes bør båtlaget vurdere å redusere gjelda og renteutgiftene framover.
- Revisor hadde få kommentarar og tilrådde godkjenning av rekneskapen, noko som også vart resultatet.

6. Budsjett 2024

- Budsjettet for 2024 vart gjennomgått. Det kom innspel på at styret i tillegg til driftsbudsjettet også bør utarbeide eit investeringsbudsjett og ein handlingsplan som seier kva me ynskjer å prioritere framover. Dette skal vere klart til neste årsmøte.
- Elles kom det konkret innspel på at budsjettet bør prioritere sikkerheit og utriggarar framfor utviding av molo.
- Budsjett for 2024 vart godkjent med kommentarane ovanfor.

7. Endringar i vedtektene

- Styret sine forslag til endringar i vedtektene vart lagt fram. Det var få innspel og kommentarar til endringsforslaga.
- Endringane vart samrøystes vedtekne.

Grasrotandelen - nr 993901709

8. Ekstra innbetaling til utvikling av båthamna

- a. Styret sitt forslag om differensiert ekstra innbetaling med utgangspunkt i kva tid båtplassen var kjøpt, vart vraka. Det kom tydelege innspel på at ein ikkje bør differensiere, sidan alle har betalt gjeldande pris til ei kvar tid.
- b. Det vart gjort vedtak om at kvar medlem med båtplass betalar inn kr 5 000,- som ekstra depositum.

9. Fastsetjing av kontingentar og avgifter

Årsmøtet fastsette satsane for 2024. Alle vedtak var samrøystes.

Medlemskap kr 1 500,- for både eigarar og leigarar**Bryggjeleige for eigarar**

- Kai Alfa og Bravo kr 400,- pr løpemeter båtplass

Bryggjeleige for leigarar

- Kai Alfa og Bravo kr 3 500,- for liten båtplass og kr 4 000,- for stor

Andre satsar

- Ekstra robåt/liten båt kr 200,-
- Kano/kajakk kr 400,-

Avgift for manglande deltaking på obligatorisk dugnad

- Timesats kr 250,-

Avgifter for ikkje-medlemmer

- Vinteropplag av båt kr 1 500,-
- Opplag, kajakk kr 2 000,- (1 000 for sommar- og 1 000 for vinteropplag)

Depositum båtplass

Sidan det er føreslege ekstra innbetalingar av depositum for dei som har kjøpt båtplass, er det også rimeleg at satsane for nykjøp vert justert tilsvarende:

- Det vil på kai Alfa vere tilgjengeleg to storleikar (breidde): 3,0 m og 4,0 m. Prisane vert då høvesvis kr 40 000,- og kr 45 000,- (ein auke på kr 5 000,-)
- Satsane på kai Bravo vert tilsvarende, men gjeld større breidde: kr 40 000,- for 4,0 m og kr 45 000,- for 4,5 m.
- Hamnesjefen har høve til mindre justeringar som går på tidsrom og ulemper ved båtplassen. Årsmøtet vil også presisere at alle med båtplass (både eigar og leigar) har dugnadsplikt etter § 6 i båtlaget sine vedtekter.

10. Val

- a. På val til styret var i år Valnemnd, Nestleiar, Skrivar, Vara til styret og Vararevisor. Valnemnda sine kandidatar vart valde utan motkandidatar.
- b. Styret har no denne samansetjinga:

Leiar:	Osvald Lykkebø (ikkje på val)
Nestleiar:	Dag Henning Hove (nyval, for 2 år)
Hamnesjef I:	Andreas Gjerde (ikkje på val)

Grasrotandelen - nr 993901709

- | | |
|------------------|---|
| Hamnesjef II: | Marcus André Riiber (ikkje på val) |
| Kasserar: | Eirik Rygg (ikkje på val) |
| Skrivar: | Kåre Asbjørn Byrknes (attval, for 2 år) |
| Vara til styret: | Jon Eirik Hjelmhaug (attval, for 2 år) |
| Revisor: | Kjell Vidar Johansen (ikkje på val) |
| Vararevisor: | Vidar Fylling (attval, for 2 år) |
- c. Valnemnd: Øyvind Rørvik (leiar), Helge Nornes og Gunnstein Flugheim (nyval)

Me ønskjer dei med nye verv velkommen! Samtidig takkar vi mangeårig medlem av valnemnda, Joar Solberg, og nestleiar i styret, Ole Johnny Ålsberg, for innsatsen, for denne gong!

11. Innkomne saker

- Medlemar som ikkje møter på dugnad, er ei utfordring som skaper ein del irritasjon. Vedtektene seier at dei som ynskjer å verte fritekne frå dugnadsarbeid, må betale den avgifta som til ei kvar tid er fastsett av årsmøtet. Det har ikkje blitt sendt ut slike faktura på mange år og dette kom det reaksjonar på i møtet. Styret tar innspela til etterretning.
- Det har kome ynskje om at det også vert høve til fylling av bensin i båthamna, i tillegg til eksisterande ordning med dieselfylling for medlemar. Eit slikt anlegg vil koste ca kr 190 000,- Styret vart bedt om å vurdere dette i handlingsplanen.

12. Orienteringssaker

- Sjøsetjing av båtar med mobilkran vert gjennomført måndag 29. april. Dei som treng dette må ta med kr 700,- i kontantar til mobilkranføraren. Skrivar samlar inn pengane.
- Ein rimeleg og enkel måte å løyse problemet med forureining frå isoporklossane på utriggarane, kan vere plasting med krympeplast. Hamnesjefane har prøvd ut dette.
- Båtlaget har reklameinntekter frå lokale bedrifter på ca kr 109 000,- Dette er eit solid bidrag til båtlaget sin økonomi. Jon Eirik gjer ein viktig jobb her.
- Marcus orienterte om Havneweb og dei fordelane dette webbaserte styringssystemet vil gje oss.

Det vart servering med pizza og brus i løpet av årsmøtet, og det smakte godt!


Takk for frammøtet!

For styret,
Kåre Asbjørn Byrknes
Skrivar

Årsmøtereferatet er godkjent:



Aslak Randmø



Peter Sundberg

